

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Vambaring

Oppskr. av: Kari Haga

(adresse): Baldersheim

Fylke: Hordaland

Herad: Strandvik

Bygdelag: Revnestrandi

Gard: Haga

G.nr. 105 Br.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1. Herring har sløtt vore brukt a bere vatn med vass-sel og to bytter. Vasselten er eit frashykkje hels av ask, ca. 110 cm langt, breiast mitt på og smalnar av mot endane som er påsett garnlekkja med krokkar. Denne lekkja er pålag 60 cm. Mitt på vasselten er der utgropa noko for akslene og ørtak for halsen.

Fyr var det mykje brukt å ha basta-  
log med trekrakkar helst av brakje,  
men også av hatt, til å henge byttene i.  
Noko ormor hysse av vassselar har eg  
ikke sett eller høyst om.

Fyr var det halde mest for ein liten  
kjurst å laga gode vassela. Det galt om  
å få dei gode i akslataket so dei låg  
sløtt, og ikke tok i halsen.

Namn: vassseltre, vassselbando, kerakane.  
(Her segger mi vasssel, ikke e etterpå.  
Ein vasssel, ~~es~~ den vasselten.)

Her på garden bar dei vatn i trebytter  
til herring 1895. Men det var å sjå på  
ein og annan gard seinare og. Fra  
herring 1900 var det mest slitt å bere  
vatn i trebytter.

2

2. Å bera vatn i noko anna enn byttor  
trur eg ikkje har vore brukta herikring. Har  
aldri høyst om det. Heller ikkje har det  
vore viss å legge noko i vassbytta før  
skovulping. Mjølki har også altid  
vore boren i byttor eller ryggbytter.

(Har høyst an at i eldre tid var det brukta  
på gardane å ha eit vasskjær ståande i  
eldhuset. Og kvar morgo bar tausene  
vatn i kjeret, so kona skulle ha nokk  
til bruket for dagen. Desse kjøri tok vel  
pålag 4-6 byttor vatn, var litt vidare  
nede enn opp, og der høyrde lok til.)

3. Å skuva vasskar på ski har eg  
korkje sett eller høyst om. Men var  
det lang vassveg klinde ein når det  
var sno føre ha eitt anker på kjele  
å dra vatnet heim på. Det var  
helst store qutiningar som dreiv med  
det.

4. Herikring har det frå gammalt berre  
vore kvinnfolk arbeid å bera alt vatn.  
Helst var det tausene, men gjerne  
laut kona og ta noko vassbering.  
Og siste mannsalderen med lite og  
inkje tausehjelp på smågardane er  
det kona og borni som har det arbeidet.  
Eit gammalt ordtak seger: "Når jente  
gifter seg til gard får ho ein vasssel  
i brúraqáva". So konone har nok  
ikkje altid vore sparde for det i gamle  
dagar heller.

5. Å bera vatn i byttor på vasssel er  
brukt den dag i dag på alle gardar der  
det ikkje er innlagt varmspring.

6. Der det er lang vassveg kjører ein  
no jamt vatnet om vinteren. I vinter  
då alle vassspringar i bygdi var frosne  
kjørde dei vatn alle som hadde hest.  
Det er manfolki som kjører vatnet.

7. Pålag helst av bøndene her i bygdi  
har no vata innlagt i flor, kjøkken  
og kjellar. Såme har berre innlagt  
i floren. Resten bær vatnet som før.  
Men dei fleste har då brunnane noko  
nær husi.

(Fyrste vasspringen var nedlagd her  
i bygdi 1871 av Ola Haga fra Haug i  
Strandvik. Han brukte ledning av tre.)

Detten om den fyrste vassspringen i  
bygdi har eg hørt av Bol Haga f. 1875  
og karkona. Bær på Rønne. Ho fortalte  
og kva tid dei sluttet brukte trebyttor  
til vassbering her.

Det andre eg har skrive opp er slikt  
eg sjølv hadde gria på og hørt om  
frametter tidi.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM 618

BYGDØY

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	5	Fylke:	Hordaland
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Strandvik
Emne:	Vannbæring	Bygdelag:	Revnestrandi
Oppskr. av:	Kari Haga	Gard:	Haga
(adresse):	Baldersheim	G.nr.	105      Br.nr. 2 og 3

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Herikring har støtt vore brukta bera vatn med vass-sel og to bytter. Vasselen er eit trestykje hels av ask, ca. 110 cm langt, breiast mittpå og smalkar av mot endane som er påsett jarnlekkja med krokar. Denne lekkja er pålag 60 cm. Mitt på vasselen er der utgropa noko for akslene og ortak for halsen. Fyrr var det mykje brukta å ha bastatog med trekrokar helst av brakje, men og av hatl, til å hengja byttone i. Noko onnor type av vassselar har eg ikkje sett eller høyrt om. Fyrr var det halde mest for ein liten kunst å laga gode vassela. Det galt om å få dei gode i akslatakjet so dei låg støtt, og ikkje tok i halsen.

Namn: vassseletre, vassselebando, krokane. (Her segjer ne vasssel, ikkje e etterpå. Ein vasssel, den vasselen.) Her på garden bar dei vatn i trebyttor til kring 1895. Men det var å sjå på ein og annan gard seinare og. Frå kring 1900 vart det mest slutt å bera vatn i trebyttor.

2. Å bera vatn i noko anna enn byttonar trur eg ikkje har vore brukta herikring. Har aldri høyrt om det. Heller ikkje har det vore vis å leggja noko i vassbytta for skvulping. Mjølki har også altid vore borene i byttonar eller ryggbytter. (Har høyrt om at i eldre tid var det brukta på gardane å ha eit vasskjær ståande i eldhuset. Og kvar morgo bar tausene vatn i kjeret, so kona skulle nok til bruket for dagen. Desse kjæri tok vel pålag 4-6 byttonar vatn, var litt vidare nede enn oppe, og der høyrdet lok til.)

3. Å skuva vasskar på ski har eg korkje sett eller høyrt om. Men var det lang vassveg kunde ein når det var snøføre ha eitt anker på kjetten å dra vatnet heim på. Det var helst store gutungar som dreiv med det.

4. Herikring har det frå gammalt berre vore kvinnfolk-arbeid å bera alt vatn. Helst var det tausene, men jamt laut kona og ta noko vassbering. Og siste mannsaldren med lite og inkje tausehjelp på smågardane er det kona og borni som har det arbeidet. Eit gammalt ordtak segjer: "Når jenta giftar seg til gard får ho ein vasssel i bruragåva." So konone har nok ikkje altid vore sparde

for det i gamle dagar heller.

5. Å bera vatn i byttor på vasssel er brukt den dag i dag på alle gardar der det ikkje er innlagt vannspring.

6. Der det er lang vassveg kjører ein no jamt vatnet om vinteren. I vinter då alle vassspringar i bygdi var frosne køyrde dei vatn alle som hadde hest. Det er mannfolki som kjører vatnet.

7. Pålag helvti av bøndene her i bygdi har no vatn innlagt i flor, kjokken og kjellar. Sume har berre innlagt i floren. Resten bær vatnet som før. Men dei fleste har då brunnane nokso nære husi. (Fyrste vasspringen var nedlagd her i bygdi 1871 av Ola Haga frå Hauge i Strandvik. Han brukte leidning av tre.)

Dette om den fyrste vassspringen i bygdi har eg høyrt av Bol Haga f. 1875 og kårkona. Bur på Revne. Ho fortalte og kva tid dei sluttet brukte trebytter til vassbering her. Det andre eg har skrive opp er slikt eg sjølv hadde greia på og høyrt om frametter tidi.

NORSK ETHNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

618

BYGDØY

avskrift rettet

L. Aall.

Eitt gamallt "ry" om kva ein vassel vart brukta til ein gong.

Det var i Hålandsdal kring 1830-40 På ein gard tente to tauser hos kvar sin husband. Men dei bar florsvatn or same elvi. So ein dag dei gjekk og bar vatn kom dei i ordakast om ein dreng som gjekk etter den eine tausi, men som den andre meinte ho hadde fyrste retten til. So sa den fyrsta:"Du sku kje idla meg for at Ivar tykkje du æ so usjådle at han ikkje har bringa for deg". Dermed tok den andra tausi vasselen sin og drog til hi over krossryggen so ho seig. Ho laut berast frå elvi, og sette aldri meir fot under seg, for ryggjen var avsleken soho var lam nedantil. Underleg nok livde ho likevel i mange år. I dei daga var ikkje folk so snare å melda som no. Og der vart aldri gjort ansvar mot henne som gjorde ugjerningen. Men drengjen fekk ikkje ho heller.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

618

BYGDØY

Avskrift rettet

L. Raab.

Eitt gammalt, rygorn leva ein vassel  
vart brukt til ein gong.

Det var i Hålandsdal kring 1830 - 40  
På ein gard hukte to tausar hos kone  
sin husbond. Men dei bar florsvatn  
og same elvi. So ein dag dei gjekk  
og bar vatn kom dei i ordakast  
orn ein dreng som gjekk etter den  
enre tausi, men som den andre  
minste ho hadde fyrste retten til.  
So sa den fyrste: "Du ska kje idla  
meg for at Ivar tykky du ø so  
insjådle at han ikke har bringa  
før deg". Derned tok den andra  
tausi vasselen sin og drog til hi  
over krossryggen so ho seg.  
Ho lant berast frå elvi, og sette  
aldui meir fot under seg, for  
ryggen var avslagen so ho  
vak lam nedan til. Undarley

5

nok levde ho likevel i mange  
år. I den daga var ikke folk sa  
smare å melda som no. Og der  
vart aldri gjort ansvar mot hemme  
som gjorde ügjerningen. Men  
drengegen fekk ikke ho heller.

NORSK ETNOLIGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

618

BYGDØY


2827

NORSK ETNO OGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM.  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel?

Har ein brukta kumøkk til brensel?

Denne måten å dra vatn på kjemmer inn  
ikkje herikring.

Ein har heller ikkje hört om at fiskebein har  
vore rukna for brensel.

Kumøkk har ikkje vore brukt til brensel før det  
folk no vitt om.